

Regional kompetansestrategi for Sogn og Fjordane

Bakgrunn

OEDC-rapporten «Skills strategy for Norway» påpeika fleire nasjonale kompetanserelaterte utfordringar m.o.t. utvikling av arbeidsstyrken. Som oppfølging av dette initierte regjeringa eit pilotprosjekt i arbeidet med utvikling av både nasjonale og regionale kompetansestrategiar.

Stortingsprop. 84 S (2017) definerer kompetanse som eitt av områda der fylkeskommunane har fått eit utvida samfunnsoppdrag, og seier bl.a.:

«I Meld. St. 22 (2015–2016) la Kunnskapsdepartementet vekt på at større fylkeskommunar kan styrkje den strategiske rolla til regionalt folkevalt nivå i utviklinga av den regionale kompetansepolitikken.

Kompetansepolitikk er den samla politikken for utvikling, mobilisering og bruk av kompetanse i heile det norske samfunns- og arbeidslivet, inkludert læring i arbeidslivet og kompetansebasert omstilling og næringsutvikling. Kompetansepolitikken omfattar verkemiddel for å utvikle og bruke kompetansen i det norske folket gjennom betre samsvar mellom etterspurnaden etter arbeidskraft i arbeidslivet og den einaskilde sin bruk av eigen kompetanse.

Tilgangen på kompetent arbeidskraft varierer mellom ulike landsdelar, sektorar og næringar. Utan tilgang på relevant og kompetent arbeidskraft vil føresetnadene for ei god utvikling i alle delar av landet bli redusert. Det trengst ei meir systematisk koordinering av innsats og ressursar regionalt for betre å utnytte kompetanse, samspel og arbeidsdeling mellom ulike aktørar på regionalt nivå. Aktørar innan både utdanning, arbeid, innovasjon og næringsutvikling er viktige og kan medverke til auka kompetansebasert omstilling og vekst i heile det norske arbeidslivet.»

I pilotprosjektet har Kunnskapsdepartementet (KD) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) lagt vekt på at prioriteringane må ta utgangspunkt i den enkelte region sine utfordringar, men også som ein del av grunnlaget for å styrke fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle i ein ny region.

Strategiske utfordringar for Sogn og Fjordane

Arbeidet med regional kompetansestrategi er etablert som ein del av kunnskapsatsinga i Verdskapsplanen for Sogn og Fjordane, som bl.a. byggjer på arbeidet i «Plantema kunnskap» (2013).

Basert på Telemarksforsking sin vurderingar og innspel er følgjande 4 innsatsområder lagt til grunn i det vidare arbeidet: (jf. notat til Fylkesutvalet 6. mars 2017):


1. Kunnskapsbehov for å realisere verdiskapingspotensialet.	Mål: Stimulere verdiskapingspotensialet slik at veksten i tal arbeidsplassar og befolkning vert høgare. Fylket utviklar løpande strategiar og tiltak for næringsutvikling og verdiskaping. Situasjonen: <ul style="list-style-type: none">■ Frå totalt 53.000 til 55.000 arbeidsplassar i perioden 2000 til 2014.■ Stagnasjon i utvikling av arbeidsplassar i privat sektor. Det var registrert 35 810 arbeidsplassar i privat sektor i år 2000, medan talet var på 35 736 i år 2014.
2. Kunnskap for å berekne kompetansebehov.	Mål: Talfeste behov for arbeidskraft i ulike kategoriar og typar av kompetanse. <ul style="list-style-type: none">■ Ein stor del av dei sysselsette i Sogn og Fjordane vil tre ut av arbeidslivet innan 2030. Avgangen vil vere omlag 1/3 av arbeidsstyrken i dag.
3. Kunnskapsbehov for å optimalisere utdanning.	Mål: Optimal innretning på utdanningssystemet for å møte framtidig behov i arbeidsmarknaden.

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Behov for arbeidskraft i Sogn og Fjordane vil vere summen av endringar og erstatningsbehov.
4.Kunnskapsbehov for å sikre nødvendig rekruttering	<p>Mål: Styrke vilkåra for å rekruttere nødvendig kompetanse til arbeidsmarknaden i fylket. Generell bustadsattraktivitet og rekrutteringsstrategiar.</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Dei strukturelle vilkåra for å få innflytting er svake, på grunn av at fylket er oppdelt i små og isolerte arbeidsmarknadar. ■ Nettoinnflyttinga er svakare enn forventa.

Dei 4 innsatsområda er lagt til grunn for gjennomføring av eit forstudie, der det i første fase vert gjort ei grundigare vurdering på behovet for strategiutvikling, utgreiingar eller tiltak.

Status for arbeidet med regional kompetansestrategi

Modellen nedanfor syner dei tema som har hatt hovudprioritet i forstudiet.



Arbeidet med utvikling av regionale kompetansestrategiar legg opp til meir løpande utvikling av strategiar og tiltak. Nedanfor vert det gjort greie for status for arbeidet som er sett i gang, og forslag til prioriteringar

i vidare arbeid. Det vert lagt vekt på at mykje av utviklingsarbeidet krev ulike partnerskap innanfor ulike satsingsområder. Dette vil også krevje kompetanseutvikling hos aktuelle partner, inkl. fylkeskommunen, dersom ein skal lykkast med satsingar som skapar ønska endringar.

1.Kunnskap om verdiskapingspotensiale - forstudie:

a) Identifisere små- og mellomstore bedrifter (SMB) med utviklingspotensiale og kompetansebehov

Fylkeskommunen gjennomfører forstudiet samarbeid med Vestlandsforskning og Sunnfjord Utvikling, og arbeidet vert ferdigstilt i løpet av hausten 2017. Det vert gjennomført intervju av eit utval bedrifter i ulike bransjar i Indre Sunnfjord for å utvikle kunnskap om vekstpotensiale til SMB og avdekke kompetanserelaterte utfordringar og innspel til eventuelle innsatsområder som bør prioriterast i eit vidare arbeid ein regional kontekst.

Datainnsamlinga vert analysert i følgjande kategoriar:

- Utviklingspotensiale
- Utfordringar
- Rekrutteringsbehov og utdanningsmiljø
- Offentleg og privat samarbeid

Forstudiet skal forsøke å peike mot arbeidsområde for vidare utvikling, og som eit bidrag inn i arbeidet med revisjon av verdiskapingsplanen.

b) Digitalisering i kommunal/offentleg sektor

IT-forum har gjennomført eit forstudie i samarbeid med Difi, Vestlandsforskning, Fylkesmannen og fylkeskommunen, men har også hatt dialog med fleire kommunar om behov og grunnlag for eit større samarbeid kring digitalisering i kommunal sektor. Digitalisering og innovasjon i kommunesektoren er ei av 4 hovudsatsingar i KS, og ein ser at det er nødvendig med sterkare samhandling i regionen pga. mange små kommunar med lite ressursar.

Som eit ledd i eit vidare arbeid har IT-forum oppretta «Digitaliseringsnettverket». Førebelse områder (desse kan endre seg, og nye kan kome til gjennom arbeidet i digitaliseringsnettverket) er identifisert i forstudiet:

- Sikker digital post
- Digital tenesteutvikling
- Innkjøp

KS påpeikar at kommunane framover vil ha auka merksemd mot digitalisering i områda som rettar seg mot innbyggaren (t.d. helse, velferd, planarbeid, barnevern, skule), og at dette er viktig å ta omsyn til i det vidare arbeidet.

Delkonklusjon:

IT-forum etablerer eit regionalt partnerskap i arbeidet med å identifisere potensialet for fellessatsingar innan digitalisering i kommunal sektor. Som ledd i dette arbeidet må roller og ansvar avklarast inkl. fylkeskommunen si rolle.

2.Arbeidskraftbehov – forstudie:

a) Vurdering av kort- og langsiktige utfordringar i regional arbeidsstyrke

NAV har gjennomført dette arbeidet i samarbeid med fylkeskommunen, der hovudformålet har vore å gjere ei meir overordna vurdering av utfordringar i arbeidsstyrken – både på kort og lang sikt. Eit

«makroperspektiv» på arbeidsstyrken er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med regional kompetansestrategi.

I si oppsummering av forstudie seier NAV bl.a.:

«Slik NAV ser det, har Sogn og Fjordane store utfordringar når det gjeld å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft i åra framover. Rekrutteringsproblema innanfor offentleg tenesteyting vil kunne få konsekvensar for kvaliteten på tenestene som innbyggjarane i fylket blir tilbyddt, og dei vedvarande rekrutteringsproblema i næringslivet kan hemme vekstpotensialet som bedriftene våre har.»

Delkonklusjon:

Basert på NAV sin analyse og vurdering medfører manglande kapasitet og kompetanse i arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane ei utfordring – både på kort og lang sikt. Utfordringane set krav til utvikling av strategiar og tiltak for å utvikle arbeidsstyrken, og set auka krav til samhandling og mobilisering.

b) Kartlegge kompetansebehov i kommunal/offentleg sektor

For dette arbeidet er det inngått ei utviklingsavtale mellom HVL og fylkeskommunen. Hovudmålsettinga i dette arbeidet er å identifisere regionale aktørar si rolle og samla utviklingspotensiale for å utvikle kommunal sektor. Arbeidet skal ferdigstillast hausten 2017, og vert bl.a. eit viktig bidrag inn i strategiprosessen for HVL.

c) Kartlegge behov i fagutdanninga

Dette arbeidet er også en del av utviklingsavtalen mellom HVL og fylkeskommunen, og skal ferdigstillast hausten 2017. Hovudmålsettinga med dette arbeidet er å utvikle eit breiare kunnskapsgrunnlag for strategiarbeidet som er initiert av opplæringssektoren.

3. Utdanningsstrategiar

Utvikling av den samla arbeidsstyrken og realisering av verdiskapingspotensialet krev utvikling av strategiar og tiltak på fleire område. Utdanningsstrategiane er avgjerande for utviklinga i Sogn og Fjordane.

Tal frå Høgskulen i Sogn og Fjordane, som no er ein del av Høgskulen på Vestlandet, syner at 78 % av dei som tek heile utdanninga si i fylket vert buande her, medan berre 22 % av dei som utdannar seg utanfor fylket kjem attende (Plantema Kunnskap, Regional plan for verdiskaping 2013). Dette synleggjer behovet for å utvikle strategiar for å utdanne fleire i eigen region, og der bl.a. digitaliseringa gir nye mulegheiter for fleire og meir fleksible utdanningsmodellar.

Teknologiutviklinga set også nye krav til dei fleste sektorar, og stiller nye kompetansekrav både i dagens arbeidsstyrke og til kvalitetsutvikling i utdanninga. Dette vil kunne styrke interesse og rekruttering til realfag- og yrkesfaga, og såleis vere eit viktig bidrag for å legge til rette for auka verdiskaping i næringslivet.

På bakgrunn av ovannemnde er det utleia følgjande **strategiske målsetjingar** i det vidare arbeidet med vidareutvikling av regionale utdanningsstrategiar:

1. Legge til rette for heile og attraktive utdanningsløp som gjer at kompetansen og arbeidskrafta i større grad blir i Sogn og Fjordane.
2. Styrke rekrutteringa til real- og yrkesfagutdanningar.

I strategiarbeidet vert følgjande prinsipp lagt til grunn for å styrke samhandling mellom utdanningane, sektorar og aktørar med mål om å utvikle arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane:

- Fleire i Sogn og Fjordane kombinerer arbeid med utdanning.
- Fleire utdanningar og tydeleg samanheng mellom utdanningsløpa - vidaregåande utdanning, fagskule og høgskule.
- Meir fleksible utdanningsmodellar, bl.a. utnytte potensiale innan digitalisering og digital pedagogikk.
- Auka samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning m.o.t. praksisplassar, traineestillingar, studentoppgåver, student- og ungdomsbedrifter, undervisningsressursar etc.
- Stimulere til meir langsiktig kompetanseplanlegging i bedrifter og offentlege verksemder, der eigenutvikling av medarbeidarar får høgare prioritet.
- Styrka samarbeid med relevante kompetansemiljø utanfor Sogn og Fjordane.
- Auka internasjonisering i utdanninga, både m.o.t. at ein aukande del av bedriftene konkurrerer internasjonalt og for å styrke attraktiviteten til utdanningstilboda i eigen region.
- Utvikle teknologifaget i heile utdanningsløpet.

Delkonklusjon:

Følgjande strategiske målsetjingar for utvikling av regionale utdanningsstrategiar er sentrale for det vidare arbeidet:

1. Legge til rette for heile og attraktive utdanningsløp som gjer at kompetansen og arbeidskrafta i større grad blir i Sogn og Fjordane.
2. Styrke rekrutteringa til real- og yrkesfagutdanningar.

3.Regionale utdanningsstrategiar - forstudie:

I pkt a) til f) vert behovet for strategitutvikling innan ulike utdanningsområder grunngjeve:

a)Høgskuleutdanning

Utvikling og tilrettelegging av høgskuleutdanningar er eitt sentralt område i utvikling av utdanningsstrategi for Sogn og Fjordane. Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart etablert 1. januar 2017 ved fusjon mellom Høgskulen i Bergen, Stord/Haugesund og Sogn og Fjordane. Fusjonsplattformen gir følgjande føringar for utvikling av dei 5 campusane:

HVL har høge ambisjonar og vil som ein ny fleircampusinstitusjon:

- byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø som set spor både nasjonalt og internasjonalt
- ta ein nasjonal leiarsposisjon på område der vi er gode og der vi som ny institusjon kan byggje oss vidare opp
- vidareutvikle studiestadane slik at regionrolla vert teken betre vare på enn i dag.
- svare betre på dei omstillings- og endringsbehova som vil komme
- bli ein konkurransedyktig og attraktiv institusjon for studentar og fagpersonar

HVL har no sett i gang ein strategiprosess som skal gi retning for ei langsiktig utvikling av den nye organisasjonen. Strategien skal vedtakast i juni 2018 og skal gjelde frå 2018 til 2023.

Det er svært viktig for utvikling av arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane at Campus Sogndal og Campus Førde får utviklingsmulegheiter i HVL. God kvalitet i utdanninga bør vere eit godt grunnlag for vidareutvikling, og HVL sine nasjonale og internasjonale ambisjonar bør også gi grunnlag for auka utdanning- og forskingsaktivitet i Sogn og Fjordane. Utdanningstilbodet og forskinga innan fornybar energi som er bygd

opp siste åra er eitt døme på satsingar som understøttar HVL sine ambisjonar. Samtidig er det viktig at ein får nytta potensialet i HVL for betre tilrettelegging av utdanningstilbod, spesielt m.o.t. etter- og vidareutdanning.

Næringsretta utdanning

Dei teknisk retta høgskuleutdanningane er hovudsakleg knytt til ingeniørutdanningane ved Campus Førde, der «Teknologicampusprosjektet» er eit viktig utviklingsprosjekt for å identifisere mulege synergjar høgskulen, fagskule og vidaregåande skule, fortrinnsvis innan dei tekniske basisutdanningane elektrofag, industriteknologi og byggteknologi.

Teknologicampusprosjektet er ein del av satsinga i Verdiskapingsplanen for fylket, der målsettinga er å få ei betre samhandling mellom utdanningsinstitusjonane, fagmiljøa og næringslivet. Sentrale element i dette prosjektet er:

Felles lab- og utstyrsfunksjonar

Det er gjennomført ei grovkartlegging av aktuelle lab- og utstyrsfunksjonar, og denne syner nokre områder der det er synergjar m.o.t. arealeffektivisering, investering og kompetanseutvikling. Dette vil styrke både høgskulen, fagskulen og vgs. Det kan også vere relevante ressursar for andre aktørar - bedrifter, grunnskule, opplæringskontor, NAV etc. Samarbeid og utviklingsarbeid for elkraft er etablert, og vidare vert det gjennomført grundigare vurderingar kring lab- og utstyrsfunksjonar knytt til industriteknologi og bygg/anlegg.

Næringsretta kurs- og kompetansesenter.

Fagskulen i Sogn og Fjordane har etablert eit prosjekt for utvikling av eit næringsretta kurs- og kompetansesenter, og har fått 1,9 mill. kr frå Kunnskapsdepartementet til dette. Basert på eit tett samarbeid om lab- og utstyrsfunksjonar vert satsinga organisert av Fagskulen i Sogn og Fjordane i nært samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Mo- og Øyrane vgs., næringslivsorganisasjonane og næringslivet i vedkommande bransje. Utstyret ein har i dag ligg til rette for dette. Avdeling Måløy har, i samarbeid med Måløy vgs, nær tilknytning til havbruksnæringane. Det vil vere stort potensiale for å vidareutdanne, etterutdanne og sertifisere arbeidstakarane i ulike næringar.

Innovasjon, forskning og utvikling.

HVL i Førde si satsing gjennom y-vegen og/eller gjennom fagskulen (2+2 ordninga), dvs. ingeniørutdanning for studentar med fagbrev eller fagskule, utviklar attraktiv arbeidskraft for næringslivet. Ei vidareutvikling av Campus Førde basert på ei slik satsing bør vurderast som ein delstrategi for å byggje opp under ambisjonen som ligg i fusjonsplattformen. Eit utvida samarbeid mellom fagskulen og HVL kan gi grunnlag for utvikling av ei praktisk retta innovasjonsutdanning som kan passe inn ein regional innovasjonsstruktur.

Auka forskning er ein meir langsiktig utviklingsprosess, men er ei ønska satsing for HVL. Praktisk anvendbar forskning- og utviklingaktivitet vert p.t. fornybar energi hovudprioritet, og dette krev eit tett samarbeid med energiselskapa i regionen dersom ein skal greie å utvikle dette.

Offentleg retta utdanning

Campus Sogndal er ein viktig utdanningsleverandør til offentleg sektor, særleg gjeld det lærarutdanningane og sosialfag. I tillegg er helsefagutdanningane knytte til Campus Førde, viktige for helsestellet. I forstudiet som vert gjennomført inn mot offentleg sektor i Sogn og Fjordane er eitt av hovudmåla å kartleggje og identifisere regionale, offentlege aktørar si oppfatning av kompetansebehov, og strategiar for kompetanseutvikling knytt til nokre utvalde ansvarsområde. Eit anna mål vil vere å vurdere det samla utviklingspotensialet som denne identifiseringa bidreg til. På slikt grunnlag kan ein vurdere om det er grunnlag for å utvikle nasjonal spisskompetanse innan utvalde område. Vidare kan dette danne grunnlag for vurdering av andre, aktuelle fellessatsingar som felles FoU-satsing, lektorutdanning, vidareutdanningar og spesialisering i grunnutdanninga. Dette handlar t.d. om korleis

sambandet mellom høgskulen og kommunar/fylkeskommunar skal organiserast når det gjeld praksisplassar og ulike former for anna samarbeid som omfattar våre studentar og kandidatar i praksis i kunnskapsverksemdar i Sogn og Fjordane. Ei siste målsetting er å kartlegge regionale utdanningsbehov med utviklingspotensiale, og eventuelt å identifisere nye utdanningsområde som byggjer på regionale fortrinn.

Framgangsmåten i delprosjektet er dels å bruke eksisterande datamateriale og å setje saman anna kunnskap om kompetansebehov, men også å gjere greie for kva modellar for kompetansebehov som er i bruk no, og korleis desse kan vidareutviklast i ein regional kontekst.

Datainnsamlinga vert analysert i følgjande kategoriar:

- Rekrutteringsutfordringar
- Strategiar for kompetanseutvikling
- Modellar for etter- og vidareutdanning i offentleg sektor

Delkonklusjon:

Utvikling av Campus Sogndal og Campus Førde (HVL si namngjeving) er avgjerande for å utvikle arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane. Høgskulen på Vestlandet, må i samarbeid med regionale aktørar, legge til rette for utviklingsstrategiar for Campus Sogndal og Campus Førde som er i tråd med fusjonsplattformen.

b) Fagskuleutdanning

Stortingsmelding nr. 9 og Stortingsvedtak av 2. mai 2017. gir fagskulen status som høgare yrkesfagleg utdanning (høgskulestatus). Vedtaka gir eit grunnlag for vidareutvikling av kvalitet i fagskuleutdanninga, og vil styrke samanhengen i utdanningsløpa. Statusendringa inneber innføring av felles inntak med høgskulane, innføring av same studiepoeng som i anna høgare utdanning og legg til rette for meir fleksible utdanningsløp. Studenttalet er aukande generelt i fagskulen og spesielt stor auke for Fagskulen i Sogn og Fjordane.

I samband med statusendringa har Fagskulen i Sogn og Fjordane initiert ein strategiprosess som tek inn nye utviklingsretningar. Hovudelementa i dette strategiarbeidet er å ha ei breiare tilnærming og tilrettelegging for arbeids- og næringslivet sine kompetansebehov. Dette fordrar også at fagskulen må ta initiativ for å etablere forpliktande arenaer der kompetansebehova vert synleggjort og dokumenterte.

Dei sentrale strategiske måla ein arbeider etter er:

- Fagskulen skal i nært samarbeid med samfunns- og arbeidsliv utvikle sine kurs og studiar slik at dei kan sikre behovet for oppdatert og spesialisert kompetanse til arbeidslivet i regionen
- Fagskulen sine studium skal vere korte og praktiske og skal møte omstillingsbehov i eit livslangt læringsperspektiv
- Fagskulen skal utvikle kunnskap, kompetanse og ny teknologi som gir grunnlag for innovasjon og nye løysningar som er avgjerande for å møte dei utfordringane vi står overfor regionalt, nasjonalt og globalt.
- Fagskulen skal i samhandling med arbeidslivet utvikle moderne lab- og utstyrsfunksjonar.
- Undervisningstilbodet vert fleksibelt, effektivt og tilpassa samfunnet og studentane sine behov.

For å følgje opp ei strategiske måla er følgjande utviklingstiltak prioritert:

Fagskulesamarbeid

Utvikling av samarbeid med andre fagskular er svært viktig for, både m.o.t. kvalitetsutvikling og utvikling av studietilboda. Det er etablert eit fagskulesamarbeid mellom skulane i Hordaland, Rogaland, Ålesund og Sogn og Fjordane. Dette samarbeidsnettveket gir større mulegheiter til å legge til rette for kompetanse og utveksle studie- og kurstilbod mellom Fagskulane. T.d. vil dette kunne gi betre mulegheiter til å utvikle tilboda til kommunal sektor, og fagskulen ønskjer å tilby nye studium for helse- og ungdomsarbeidarar, psykisk helse og rehabilitering.

Næringsretta kurs- og kompetansesenter

Næringsretta kurs og kompetansesenter bygger på intensjonane i «Teknologicampusprosjektet», jf. kapittel 3 a). Arbeidet vert organisert og forma i nært samarbeid og samhandling mellom arbeidslivet utdanningsinstitusjonane, fagmiljø, verkemiddelapparat og næringsorganisasjonane. Senteret skal tilføre arbeidslivet kunnskap, kompetanse og ny teknologi ut frå behov som vert avdekka, og vere praktiske retta slik at dei kan nyttast direkte i det daglege arbeidet. Samarbeidet vert gjennomført ved å opprette kompetansegrupper organisert i fire hovudområder: elkraft, industriteknologi, byggteknologi og havbruksteknologi.

Digitalisering og digital pedagogikk

Digitaliseringa er i stor grad på veg inn i høgskule- og fagskulesektoren, og skal også ivareta digitale kompetansemål. Fagskulen i Sogn og Fjordane samarbeider med Fagskulen i Vestfold om digital undervisning og personalutvikling med undervisning på masternivå. Ein lærar underviser studentar i Sogn og Fjordane og Vestfold samstundes. Digital undervisning er idag mest brukt som førelesning med einvegs kommunikasjon, men framtidretta digital pedagogikk krev tovegs kommunikasjon. Fagskulen praktiserer tovegs kommunikasjon og utøving av tradisjonelle pedagogiske metodar omforma til digital undervisning. Målet er å tilby undervisning utan at studentar/kursdeltakarar treng å vere fysisk tilgjengeleg i eit klasserom/kurslokale. Det vert vektlagt å tilby arbeidslivet kompetanseheving gjennom e-læring og digital undervisning, men kombinert med samlingar der det er nødvendig.

Delkonklusjon:

Stortinget har vedteke at fagskulen får status som høgare yrkesfagleg utdanning (høgskulestatus). Vedtaket gir eit grunnlag for vidareutvikling av kvalitet i fagskuleutdanninga, og vil styrke samanhengen i utdanningsløpa. Fagskulen i Sogn og Fjordane sin utviklingsstrategi vil bidra til å styrke skulen si regionale rolle.

c) Fag- og yrkesopplæring

I arbeidet med nytt mål- og strategidokument for den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har hovudutvalet for opplæring peika på at ei hovudutfordring er å styrke det 4-årige opplæringsløpet i fag- og yrkesopplæringa. Hovudutvalet peikar vidare på at styrka samhandling mellom interne og eksterne aktørar i eleven og lærlingen sitt opplæringsløp er ei viktig satsing framover.

I utkastet til mål og strategiar, som hovudutvalet har sendt på høyring, tilrår dei ei målsetting om at 87 % av dei som byrjar i vidaregåande opplæring skal ha gjennomført opplæringa innan 5 år. Gjennomføringa i

vidaregåande opplæring for kull 2011(ferdige i 2016) på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram er 78,6 % for Sogn og Fjordane, og landsgjennomsnittet er på 73 %.

Gjennomføringsgraden i den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane er høgast av alle fylka i landet, og vi har såleis eit godt utgangspunkt for å vidareutvikle ei leiande rolle for vidaregåande opplæring. Som eit ledd i vidare satsing bør samfunnsverdien ved høg gjennomføring vs manglande gjennomføring dokumenterast.

Samstundes er det store skilnadar mellom dei yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogramma. I dei studieførebuande er gjennomføringsgraden 91,3 % mot eit landgjennomsnitt på 85,9 %. Innanfor dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er gjennomføringsgraden i Sogn og Fjordane 66,8 %, mot eit landsgjennomsnitt på 59,4 %. Ei prioritering av fag- og yrkesopplæringa er avgjerande for å kunne nå ei ambisiøs målsetting for gjennomføringa i Sogn og Fjordane.

Yrkesfagopplæringa skil seg vesentleg frå den studieførebuande opplæringa ved at den krev samhandling og koordinering mellom mange aktørar for å lykkast. På bakgrunn av dette er det sett i gang eit arbeid for å skaffe eit breiare kunnskapsgrunnlag om utfordringane i eit regionalt perspektiv. Dette arbeidet vert ferdigstilt hausten 2017. Gjennom intervju med eit utval informantar på dei vidaregåande skulane og arbeids- og næringsliv får ein ei kvalitativ analyse av sterke og svake sider ved fag- og yrkesopplæringa.

Datainnsamlinga vert analysert i følgjande kategoriar:

- Bransjane sitt utfordringsbilete
- Leiing og utvikling
- Aktørar og samspel
- Utstyr og kompetanse

Den kvalitative analysen vil peike mot nokre arbeidsområde der vidare strategiutvikling står fram som ønskjeleg.

Delkonklusjon:

Utvikling av eit breitt kunnskapsgrunnlag er viktig som grunnlag for strategiar og tiltak som aukar gjennomføringsgraden i fag- og yrkesopplæringa. Fylkeskommunen vil, saman med aktuelle regionale aktørar, utvikle strategiar og tiltak for å nå målsettingane for auka gjennomføring.

d) Etter- og vidareutdanning

Over halvparten av studentane ved Fagskulen i Sogn og Fjordane kombinerer arbeid og utdanning ved fagskulen. Det er difor naturleg at fagskulen også tek ei leiande rolle i den regionale partnerskapen i regionen, saman med høgskulen, for å utvikle eit meir systematisk arbeid med å møte næringslivet sine behov for etter- og vidareutdanning. Ei meir systematisk satsing på etter- og vidareutdanning bør også sjåast i samheng med fagskulen sitt prosjekt for utvikling av eit næringsretta kurs- og kompetansesenter.

Det er ikkje éin aktør som peikar seg like naturleg ut når det gjeld dei offentlege organisasjonane og systema, mellom anna fordi sektorane organiserer og finansierer etter- og vidareutdanning på ulike måtar. Mogelege modellar for leiing og organisering vert likevel drøfta som del av 2 b) – «Kartlegge kompetansebehov i kommunal/offentleg sektor».

Delkonklusjon:

Ei meir systematisk satsing på etter- og vidareutdanning bør også sjåast i samheng med fagskulen sitt prosjekt for utvikling av eit næringsretta kurs- og kompetansesenter. Fagskulen i Sogn og Fjordane tek ei leiande rolle i den regionale partnerskapen for utvikling av næringsretta strategiar for etter- og vidareutdanning.

e) Vaksne – vidaregåande opplæring

Vidaregåande utdanning for vaksne er heimla i Opplæringslova §4A-3. Hovudregelen er at dei som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring for vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæring etter vaksenretten skal tilpassast den vaksne sitt behov og til vanleg skal vaksne få tilbod om opplæring i samsvar med ønskt sluttkompetanse.

Det er 20 år sidan retten til opplæring av vaksne kom – mykje har endra seg undervegs både når det gjeld avklaringar knytt til retten, nasjonal organisering og ikkje minst korleis vi forvaltar og organiserer vidaregåande opplæring for vaksne i Sogn og Fjordane. Fagfeltet er stadig i endring. Siste som kom var Meld. St 16 (2015-16) Frå utenforskap til ny sjanse – «Samordnet innsats for vaksne læring og ein moglegheit for å ha arbeidsledigheitstrygd og delta i opplæring».

I Sogn og Fjordane har vi avgrensa vaksenopplæringstilbodet til dei med rettar etter opplæringslova. Fylkesrådmannen organiserer i hovudsak opplæringa som tilbod ved dei vidaregåande skulane. Nokre fylkeskommunar har organisert arbeidet med vaksenopplæring som eiga verksemd, etter same prinsipp som ein ordinær vidaregåande skule. I Vestfold fylkeskommune er ei slik organisering kombinert med satsing på to betalande målgrupper:

- Elevar utan rett som vil forbetre karakterane sine. Det vert gjennomført ca. 2000 privatisteksamenar årleg i Sogn og Fjordane, og i tillegg flyttar eit ukjent tal ungdommar til Oslo og Bergen for å forbetre karakterane sin på privatskular.
- Elevar som vert finansiert av NAV.

Dei ulike målgruppene, både med og utan rett til opplæring, vert sett saman i felles grupper både innan studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Opplæringa føregår i aukane grad i form av samlingar og med støtte av digital undervisning.

Delkonklusjon:

Utviklingspotensialet innan vidaregåande opplæring for vaksne og vurdering av konsekvensar ved ei auka satsing innan dette området treng utgreiast. Fylkeskommunen tek initiativ til etablering av eit forprosjekt saman med aktuelle regionale aktørar.

f) Teknologifaget i grunnskule og vidaregåande opplæring

Gjennom to viktige dokument legg sentrale myndigheiter føringar i arbeidet med teknologi og realfag i grunnskule og vidaregåande opplæring. Strategi for arbeid med realfag, «Tett på realfag 2015-2019» og Strategi for koding og teknologi inn i skulen 2017-2021, klargjer dei strategiane og føringane statlege myndigheiter legg i arbeidet med å utvikle elevane sin teknologi- og realfagskompetanse.

Målet er å auke barn og unges kompetanse i realfag slik at dei kan prestere på eit høgare nivå enn i dag. Det er og eit mål å auke lærarane sin kompetanse i faga. Satsinga skal gjere elevane og samfunnet betre rusta til å møte utfordringar med det grønne skiftet og bruk av teknologi i framtidens arbeidsmarknad. Bak strategien ser ein behovet for å rekruttere til realfagsyrke på alle nivå.

Kommunane skal med bakgrunn i strategien legge til rette for å auke elevane sin kompetanse gjennom lokale tiltak. I strategien er det lagt inn stimulerande tiltak som «realfagskommunar» og det er lagt til rette for vidareutdanning av lærarar.

Konkret kan elevane velje valfaget teknologi i praksis på ungdomstrinnet. I vidaregåande opplæring kan elevene velje å fordjupe seg i programfaga teknologi og forskingslære og informasjonsteknologi. I tillegg kjem fagområder som bioteknologi og nanoteknologi i programfaga biologi og kjemi.

Koding og bruk av IKT som verktøy i undervisning og læring skal utvikle elevane sin kunnskap innanfor området, gjennom å tilby alle elevane valfag i koding i grunnskulen. I vidaregåande opplæring kan ein prøve ut koding som eige programfag. Det er og lagt inn i strategien at ein i yrkesopplæringa skal gjere elevane i stand til å møte og nytte ny teknologi. Ein bør også vurdere om teknologifaget kan utviklast slikt at ein kan bygge overgangsordningar mellom studiespesialisering og delar av fag- og yrkesopplæringa.

Regjeringa sin vidare startegi for kompetanseutvikling innebere eit samarbeid med høgskulesystemet- og eit samarbeid mellom kommunar for å legge til rette for å auke kompetansen lokalt. I skulen sine planar blir det vektlagt å samarbeid med næringslivet, med utgangspunkt i lokale tilhøve og behov.

Utfordringa lokalt er å rekruttere og utvikle kompetanse innanfor nokre område av realfag og IKT. Ei slik utfordring vil vere større i mindre kommunar og einingar. Samstundes vil det vere utfordrande å skaffe utstyret som er naudsynt for å drive optimalt med realfag og teknologi i skulen.

Det er fleire ulike prosjekt i fylket som forsøker å implementere teknologifaget i opplæringa. Bl.a. er det etablert Newtonrom både på Sandane og i Florø, og i Førde er Protolab Vest etablert. Også i Sogndal og Årdal er det teke initiativ til etablering av infrastruktur som skal styrke interessa for real- og yrkesfag. Eid vgs. har teke initiativ til eit større samarbeidsprosjekt for å utvikle samarbeidsstrukturar rundt IKT-faget som legg opp til ein trinnbasert utdanningsmodell frå barnehage til vidaregåande. Halbrend ungdomsskule har utvikla valfag «Teknologi i praksis» for ungdomstrinnet.

Skal ein lykkast i å utvikle ei regional satsing krev dette samarbeid mellom grunnskulesektoren og vidaregåande opplæring pga. at dei vidaregåande skulane har kompetanse og utstyr som grunnskulen ikkje har.

Delkonklusjon:

Ei sterkare regional satsing på teknologifaget i grunnutdanningane er viktig får å styrke rekruttering til real- og yrkesfaga. Fylkeskommunen tek initiativ til etablering av eit forprosjekt saman med KS, gjennom samarbeidsforum for kvalitet i grunnopplæringa.

4. Bustadattraktivitet/generelle rekrutteringsstrategiar - forstudie:

a) Lokalsenter – attraktive oppvekstsenter

Fylket har mange små og avgrensa bu- og arbeidsmarknadar, og dette gjer at mange må pendle i jobbsamanheng. Spesielt for unge familiar er det derfor svært viktig at ein har eit velfungerande lokalsenter med minimum barnehage, barneskule, ungdomsskule, i tillegg til evt. andre servicefunksjonar som daglegvarebutikk. Eit attraktivt oppvekstsenter må også ha attraktive bustadar- og bustadareal, satsing på idrett, kultur og friluftsliv. Fellesfunksjonar og samlokalisering mellom kultur, idrett og friluftsliv vil også styrke ein lokalsenterfunksjonen. Det er viktig å påpeike at eit kommunesenter også har lokalsenterfunksjon.

Både kommune og fylkeskommune har fellesinteresser og satsingar i dag med mål om å styrke attraktiviteten til lokalsenter, og det kan vere potensiale for å utvikle eit tettare samarbeid. Bl.a. arbeider begge opp mot frivillige lag og organisasjonar og utvikling av skuleområde for å fremje allsidig fysisk aktivitet. Som eit ledd i å utvikle samarbeidet kan eit fellesprosjekt om utvikling av lokalsenter vere relevant. I tilknytning til eit slik arbeid kan ein også legge inn ei satsing på mobilisering av seniorgruppa som lokalsamfunnsressurs for å utløyse ny eller auka aktivitet som t.d. leksehjelp, instruktørar etc. Samtidig vil dette vere praktisk folkehelsearbeid inn mot eit ressurssterk gruppe som kan ha ønskje og kompetanse til å bidra på fleire områder i sitt lokalsamfunn.

Eit attraktivt lokalsenter vil styrke ekstern rekrutteringsprofil overfor utflytte og andre med relasjonar og nettverk knytt til dei ulike lokalsentra. Ei slik satsing er også i tråd med planprogrammet for regional plan for kultur og strategi for senterstruktur og tettstadutvikling.

Delkonklusjon:

Fylkeskommunen tek initiativ til eit prosjekt med mål om å utvikle ein samarbeidsmodell med kommunane for meir systematisk arbeid med utvikling av bustadattraktivitet for dei lokalsentra i fylket som kommunane definerer.

5.Vidare arbeid

a) Bidra til organisering av ulike partnerskap, utgreiingar og delprosjekt i tråd med delkonklusjonane.

b) Ferdigstilling forstudie seinhausten 2017:

- Identifisere små- og mellomstore bedrifter med utviklingspotensiale og kompetansebehov.
- Kartlegging av kompetansebehov i kommunal/offentleg sektor.
- Kartlegge behov i fag og yrkesutdanninga.

c) Utforme og gjennomføre ein formidlingsplan for arbeidet med regional kompetansestrategi.